



Arkivnr: 2014/14561-65

Saksbehandlar: Per Nordmark, Marit Rødseth, Helene Lien, Eva Katrine Ritland Taule

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                       | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|----------|
| Opplærings- og helseutvalet |        | 11.11.14 |
| Samferdselsutvalet          |        | 12.11.14 |
| Kultur- og ressursutvalet   |        | 18.11.14 |
| Fylkesutvalet               |        | 19.11.14 |
| Fylkestinget                |        | 09.12.14 |

## Vedtak av Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel

### Samandrag

Fylkesutvalet vedtok 20.mai 2014 å sende på høyring og leggje ut til offentleg ettersyn styringsgruppa sitt forslag til *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, etter tilråding frå kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og opplærings- og helseutvalet. Fylkestinget skal no vedta endeleg plan etter høyringa.

*Regional plan for attraktive senter* har som hovudmålsetjing at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.

Planen har fem plantema/kapittel:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

I høyringa er det mottatt 42 høyringsinnspel til planforslaget. Alle innspel med planfaglege vurderingar av oppfølging er presentert i ein høyringsrapport som er vedlegg til saka. Samledokument med alle innspela i fulltekst er også vedlegg til saka.

Mange høyringsinnspel uttrykker ei positiv grunnhaldning til planforslaget, men høyringa har også leia til at planforslaget blir tilrådd endra på nokre punkt. For utfyllande informasjon om alle mindre endringar – sjå høyringsrapporten og vedlagt forslag til endeleg plan.

Hovudendringar er knytt til bydelssenter i Bergen sin status i kapittel 1 i planen, og til føresegner og retningslinjer for lokalisering og dimensjonering av handelsareal i kapittel 4. Fylkesrådmannen tilrår endringar på desse punkta i tråd med innspel mellom anna frå fylkesmannen i Hordaland, innspel frå Bergen kommune og ønskje betre samsvar med *Regional plan for Haugalandet*. Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsinnspel konkluderer med at planframlegget slik det no føreligg bryt med nasjonal politikk når det gjeld dei regionale føresegna for handel, og ber om at fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil ein måtte vurdere å sende saka til departementet.

Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel. Samtykke skal givast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtar *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014 med følgjande hovudendingar i frå høyringsforslaget:
  - a) Planskildring og retningsliner for bydelssenter i Bergen i planens kapittel 1 endrast slik at ein fremjar sjølvforsynte bydelar. Detaljhandel i bydelssenter skal dimensjonerast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Unntak er bydelssenteret Indre Arna kor det skal tilretteleggjast for regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal.
  - b) Regionale føresegner og retningsliner for handel i kapittel 4 endrast. Hovudendinga er at utanfor fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter tillatast berre ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 1.500 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 Samtykke skal givast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Forslag til vedlegg:

Forslag til plan: *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014  
Høyringsrapport utarbeidd av planseksjonen, Hordaland fylkeskommune  
Høyringsinnspel, samledokument

Fylkesrådmannen, 30.10.2014

## 1. Bakgrunn

### Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok 20.mai 2014 å sende på høyring og leggje ut til offentleg ettersyn styringsgruppa sitt forslag til regional plan, etter tilråding frå kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og opplærings- og helseutvalet. Høyringsperioden var 1. juni til 22. august 2014, men med utvida frist til 1.oktober for kommunar som ønskte meir tid til å handsame planforslaget i politiske organ.

For utfyllande informasjon om planforslaget som blei sendt på høyring – sjå sak til fylkesutvalsmøtet 20.mai 2014 (sak 108/2014). Høyringsforslaget er også fortsatt tilgjengeleg via [www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur](http://www.hordaland.no/regionalplan-senterstruktur)

Fylkestinget vedtar endeleg plan etter tilråding frå fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og opplærings- og helseutvalet.

Den regionale planen erstattar gjeldande *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* frå 2002 og *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008.

Føresegner i den regionale planen skal kunngjerast i Norsk Lovtidend, og gjerast kjend for departement, fylkesmann, aktuelle kommunar og statlege myndigheiter.

Det endelege plandokumentet vil bli redigert etter vedtak i fylkestinget med bilete, illustrasjonar, språkvask og forord.

## 2. Generelt om høyringa

### Høyring av planforslaget

Planforslaget blei i høyringa sendt til om lag 190 adressatar:

- Til alle kommunar i fylket, til nabofylka og til utvalde tilgrensande kommunar i nabofylka
- Til regionale statlege organ
- Til næringsorganisasjonar og handelsverksemder
- Til interesseorganisasjonar

Høyringa har i tillegg vore kunngjort i Bergens Tidende og Haugesunds avis. Planforslaget har vore lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider med høve til å gi innspel direkte via nett. Det blei invitert til eit ope høyringsmøte i fylkeshuset 5. juni 2014.

Det er i høyringsperioden motteke 42 høyringsinnspel. Desse kan grupperast slik:

| Sendar av høyringsinnspel                      | Tal på innspel |
|--|----------------|
| Frå kommunar                                   | 22             |
| Frå regionråd                                  | 1              |
| Frå næringsorganisasjonar og næringsverksemder | 4              |
| Frå statlege og statleg regionale organ        | 4              |
| Frå andre                                      | 11             |

Planprosessen har lagt stor vekt på medverknadsarrangement med brei deltaking både frå kommunar, næringsliv og offentlege etatar – ein del av dei adressatane for høyringa som ikkje har gitt høyringsinnspel kan meine at dei har fått fram sin bodskap allereie før høyringa.

Alle høyringsinnspel med planfaglege vurderingar av oppfølging er presentert i ein høyringsrapport som er vedlegg til saka. Samledokument med alle innspela i fulltekst er også vedlegg til saka.

### 3. Innspel til planforslaget og tilrådde endringar

I det følgjande presenterast (A-F):

- Kort oppsummering av innhaldet i planforslaget som blei sendt på høyring
- Hovudmoment i høyringsinnspela som er mottatt
- Fylkesrådmannen si kommentar/tilråding til om planforslaget bør endrast som følgje av høyringsinnspela og tilråding til innhald i endeleg planforslag.

Teksten er inndelt etter dei fem kapitla/plantema i planforslaget, samt generelle innspel.

For utfyllande drøfting og oversikt over alle innspel og alle mindre endringar – sjå vedlagt høyringsrapport og vedlagt forslag til endeleg plan.

#### A) Generelt

##### Kort om innhald i planforslaget

I samsvar med krav i plan- og bygningslova er den regionale planen samansett av desse delane:

- Planskildring, samt mål og strategiar
- Føresegner og retningslinjer
- Handlingsprogram
- Konsekvensutgreiing

Planen har fem plantema/kapittel:

- Hovudmål, strategiar og senterstruktur
- Attraktive sentrumsområde
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport

##### Innspel og tilrådde endringar

###### Positiv grunnhaldning til planforslaget

Mange høyringsinnspel uttrykker ei positiv grunnhaldning og generell støtte til planforslaget slik det føreligg – dette gjeld også ein del av dei innspela kor det blir sett fram krav om endringar i planen. Planforslaget blir omtala som ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland, med oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling. Det blir peika på at planen tar opp ein rekke aktuelle problemstillingar, er lesarvenleg og lett for kommunane å ta til seg og bruke, vil vere eit godt styringsverktøy og vil bidra til å sikre auka fokus på sentrumsplanlegging.

Kommentar/tilråding: Takast til orientering.

###### Regional plan og det kommunale handlingsrommet

Eit generelt høyringsinnspel som gjeld alle kapitla i planen er forholdet mellom overordna føringar lagt i regional plan og den kommunale sjølvråderetten. Av kommunane er det Meland, Askøy og Fjell som skil seg ut som dei mest kritiske til at regional plan skal ha påverknad på kommunale planar gjennom retningslinjer og føresegn. Nokre innspel er kritiske til bruken av ordet «skal» i dei regionale retningslinjene. Andre er nøgd med planen som han føreligg, men finn grunn til å understreke, som nemnd i planen, at han er rettleiande og krev lokal tilpassing. Andre skriv eksplisitt at planforslaget generelt sett ikkje har for mange restriksjonar.

Kommentar/tilråding:

Ein regional plan skal verke samlande ved å ta tak i viktige utviklingsoppgåver og setje opp felles mål. Høyringsinnspela uttrykte i høg grad støtte til måla i forslaget til Regional plan for attraktive senter.

Med unntak av regionale føreseger for handelsetablering i kapittel 4, så inneheld planforslaget regionale retningslinjer. Retningslinjene er meint å styrke kommunane i arbeidet med å utvikle attraktive senter – og vere eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen. Ein viktig grunn for å presentere regional politikk gjennom retningslinjer er å lage ein regional plan som er klar, konkret og lett å bruke. Tydelege retningslinjer vil skape føreseie og likebehandling for alle senterområda i fylket. Når det gjeld bruk av ordet «skal» så er det nytta i plandokumentet på ein medviten måte – mellom anna for å unngå mogleg språkleg mistyding. Både *Regional plan for folkehelse* og *Klimaplan for Hordaland* presenterer regional politikk gjennom regionale retningslinjer med «skal/må»-formuleringar.

Retningslinjer er retningsgivande og ikkje absolutte – verken i regionale eller kommunale planar. Retningslinjer kan nyttast som grunnlag for motsegn dersom nasjonale- og viktige regionale interesser vert råka. Når regionale myndigheiter er høyringspart i kommunale reguleringsplansaker skal saka alltid vurderast heilskapleg og eventuelle motsegn skal alltid ha ei konkret og stadstilpassa grunngeving.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

## B) Kapittel 1 – Hovudmål, strategiar og senterstruktur

### Kort om innhald i planforslaget

Kapittelet presenterer hovudmålet og overordna mål for kvart av dei andre temakapitla i planen. Den overordna målsetjinga med planen er at Hordaland skal ha attraktive senter i heile fylket som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport, og som legg til rette for vekst i heile fylket.

Planen har fire strategiar:

- Styrka arealplanlegging
- Betre samordning
- Auka kunnskap
- Bruk av økonomiske verkemiddel

Planen vidarefører det hierarki av senter som vart vedteke i fylkesdelplanen frå 2002:

- Fylkessenter
- Regionsenter
- Kommunesenter
- Bydelssenter i Bergen
- Lokalsenter
- Nærsenter

Den regionale planen fastsett dei regionale hovudsentera, kalla regionsenter, og legg rammer for ei arbeidsdeling mellom dei ulike nivåa av senter i senterstrukturen.

Kriteria for regionsenter er:

- Eksisterande regionsenter ligg fast.
- Alle innbyggjarar skal kunna nå eit regionsenter innan ca. ein times køyring.
- Regionsentera skal ha eit omland på minimum 10.000 innbyggjarar.
- Nye regionsenter rundt Bergen må ha eit omland med meir enn 25.000 innbyggjarar.

Planen utpeikar følgjande nye regionsenter: Husnes i Kvinnherad kommune og Kleppstø i Askøy kommune. Dei etablerte regionsentera vert oppretthalde. Omland for kvart regionsenter er vist gjennom kart

i figur 1.4 i planen som retningsgivande for tenester og handel. Bydelssenter i Bergen vert fastsett av Bergen kommune, men nokre har regionale funksjonar innan handel og privat tenestetilbod. Indre Arna er bydelssenter kor ein ønskjer tilrettelegging for relevante regionale funksjonar for innbyggjarane i Osterøy, Vaksdal og Samnanger. Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i fylket og skal vidare detaljerast av kommunane.

### **Innspel og tilrådde endringar**

#### Mål, strategiar og senterstruktur

Mange innspel sluttar seg til hovudmålet om å skape attraktive senter, til delmål og strategiar, og til senterstrukturen som ligg i planforslaget. Generelt sett viser høyringsinnspela at fordelinga av regionsenter i fylket er eit tema som engasjerer og som er viktig for kommunane – både dei med og utan regionsenter i sin kommune. Fleire innspel tar også opp tema mogleg ny kommunestruktur.

#### Kommentar/tilråding:

Det var ikkje ein intensjon bak planarbeidet å gjere vurderingar knytt til temaet endring av kommunestruktur, men lage ein plan som var robust nok til også å kunne fungere med ny kommunestruktur.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Nytt regionsenter – Kleppestø

Forslag om Kleppestø som nytt regionsenter får direkte støtte av Askøy kommune som er tilfreds med at kriteria for etablering av regionsenter er revidert og endra, og at Kleppestø er foreslått som nytt regionsenter. Fylkesmannen støttar forslaget. Fjell kommune støttar forslaget. Demokratene Askøy, Kleppestø Vel og enkeltpersonar er sterkt kritiske til at Kleppestø blir regionsenter, mellom anna fordi dei meiner at ei slik utvikling av Kleppestø vil råka dagens nærmiljø negativt, utan positive verknader som vil vekke opp for dette.

#### Kommentar/tilråding:

Innspel frå Demokratene Askøy, Kleppestø Vel mv. blir vurdert som relevante for kommunal plan for Kleppestø, og i mindre grad relevante for Regional plan for attraktive senter. Den regionale planen byggjer på ein intensjon om at gode regionsenter med eit mangfald av tilbod kan vere ei berekraftig løysing – også nære fylkessenteret Bergen.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Nytt regionsenter – Husnes

Forslag om Husnes som nytt regionsenter får direkte støtte av Kvinnherad som skriv at av omsyn til likeverdig tenestetilbod og vekst i heile fylket er det viktig at Husnes får status som regionsenter. Fylkesmannen støttar forslaget. Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar opp om Husnes som regionsenter, men presiserer at Leirvik er regionsenter for Sunnhordland og at Husnes blir regionsenter for Kvinnherad. Nokre innspel uttrykker skepsis til Husnes som regionsenter. Stord kommune kan ikkje sjå at konsekvensane for Leirvik som regionsenter, som følgje av Husnes som nytt regionsenter, er godt nok utgreidd. Stord Næringsråd meiner at Sunnhordlandsregionen er tent med å samlast kring eitt sterkt regionsenter, at planens kapittel 1.3 Senterstruktur i Hordaland ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd og at argument om (for) lang reiseavstand frå Kvinnherad til eksisterande regionsenter ikkje er reellt.

#### Kommentar/tilråding:

Balansen mellom talet på regionsenter og reiseavstand for befolkninga har vore eit sentralt drøftingspunkt i planarbeidet og tema for fleire analyser (sjå t.d. Hordaland fylkeskommune, *Senterstruktur i Hordaland – Utfordringsnotat til temamøte 23.januar 2014*, planseksjonen 2014). Ein ønskte gjennom den regionale planen å opprette nye regionsenter der det fanst større befolkningskonsentrasjonar utan god tilgang til eit regionsenter. Kvinnherad peika seg ut i analysane som ein slik region og fell innanfor krava om 10.000 innbyggjarar i regionsenteromlandet.

Senteret Husnes har i dag regionale funksjonar og det bur mange i området kring Husnes. Ikkje mange pendlar mellom Stord og Kvinnherad. Reisetida Leirvik-Husnes er i dag på over 1 time, utan å inkludere ventetid fram til ferjeavgang. Fergjesamband på strekninga gjer i tillegg at reisa Leirvik-Husnes kan opplevast som lite fleksibel. Reisetida Husnes-Odda sentrum er i dag på godt over 1 time. Regional plan for attraktive senter byggjer på prinsipp om at brukarar skal kunne få dekkja behovet for tenester og handel nærast mogleg, innan samfunnsøkonomisk forsvarlege rammer, slik at transportbehovet blir minst mogleg.

I gjeldande fylkesdelplan for senterstruktur var delar av Kvinnherad lagt til Odda sentrum som regionsenter. I Regional plan for attraktive senter ønskte ein ikkje å splitte eksisterande forvaltningseiningar (dvs. kommunar) mellom ulike regionsenter. Basert på folketalsframskriving fram mot 2030 og dagens situasjon har Leirvik eit solid befolkningsgrunnlag som regionsenter. Sjølv med noko mindre omland syner analyser at Leirvik fortsatt vil vere blant dei «større» regionsentera med høgt folketal i omlandet og viktige statlege funksjonar i regionen, medan Husnes vil vere blant dei mindre regionsentera. Planskildringa til den regionale planen peikar på at ein senterstruktur ikkje er statisk, og at eit moment som framtidige samferdselsprosjekt kan leie til endringar av senterstrukturen i framtida.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Regionsenter i Stord kommune – Leirvik eller Stord?

Stord næringsråd meiner det er viktig at fylkeskommunen sine planar harmonerer med dei planane som er vedtatt av kommunestyret i Stord, kor det er Stord som er definert som regionsenter. Leirvik er ein tettstad, trafikknutepunkt og sentrum i byen Stord.

#### Kommentar/tilråding:

I eksisterande Fylkesdelplan for senterstruktur frå 2002 er det Leirvik som er definert som regionsenter i dei fylkespolitiske retningslinene (del 6, pkt 2.2). Regionsenter i fylket blir utpeika gjennom regional plan. Ein ønskjer regionsenter med klart definert utstrekning og regionsenter der det ikkje kan oppstå mistydingar om kva for tettstad/by ein refererer til. Utstrekninga for «byen Stord» framstår som for uklar til at bynamnet Stord er veileigna som regionsenter i den regionale planen. Om heile «kommunen Stord» er tenkt som regionsenter bryt dette med kva eit regionsenter er i resten av fylket. Eit regionsenter er ein tettstad/senter som har eit definert omland.

Mykje av bakgrunnen for at ein ikkje ønskjer at heile kommunar blir oppfatta/behandla som regionsenter i den regionale planen er at det ikkje er ønskeleg med spreidd utbygging / ei spreidd av funksjonar/tenestetilbod i heile kommunen. For god kollektivtilgjenge og redusert transportarbeid er det ønskeleg med eit breidd tenestetilbod, handel og tett arealutnytting i utvalde senter. Det er ønskeleg at kommunane sjølv utarbeidar ein tenleg senterstruktur innad i kommunen. Den regionale planen gjeld framtidig utvikling/lokalisering – planen råkar ikkje ved eksisterande lokalisering av verksemder.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Ønske om nytt regionsenter i Nordhordland

Kommunane Austrheim og Radøy peikar på at Nordhordland med nære 40.000 innbyggjarar berre har eitt regionsenter medan Sunnhordlandsregionen får to regionale senter, Vestregionen får to regionale senter og Hardanger har allereie to senter som den regionen med lågast innbyggjartal. Denne fordelinga av regionsenter kan td. leie til ujamn fordeling av ressursar i fylket. Austrheim foreslår at Austrheim kommunesenter vert vurdert som eit framtidig regionalt senter og eit knutepunkt i nordre del av Nordhordland.

#### Kommentar/tilråding:

Balansert fordeling av regionsenter i dei ulike regionane av fylket er eit viktig punkt. Det blei prioritert å opprette nye regionsenter der det fanst størst befolkningskonsentrasjonar utan god tilgang til eit regionsenter. Slik tenkte ein i denne omgang å nå dei største transporttraumane. Revisjon av Regional plan for attraktive senter med tanke på senterstruktur blir vurdert kvart 4.år i regional planstrategi. Ei avgjerd om å opne opp for fleire regionsenter ved seinare høve må vegast opp mot ynskje om ein stabil og

føreseieleg senterstruktur. Eit moment som store endringar i kommunestrukturen kan aktualisere ein planrevisjon. Det same gjeld dersom ein ser ein klart positiv effekt av etableringa av dei nye regionsentera som allereie er foreslått i planen, eller dersom planens tiltak 1.1 (analyse av samspel mellom regionsenter og omland) avdekkar trong for nye senter.

Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på bakgrunn av høyringa.

#### Bydelssenter i Bergen – status i regional plan

Bergen kommune meiner at planforslaget til dels er uklart på regionsenternivået og Bergen kommune sitt forhold til dette. Kommunen peikar på at det har stor betydning å avklare regionsenternivået nærare, særleg i forhold til bydelssentera med kjøpesenterlokalisering og definisjon av handelsomland som grunnlag for utrekningar av bruksareal til handel i handelsanalysar. Kommunen oppfattar at heile kommunen er på regionsenternivå og at kvart bydelssenter også er eit regionsenter.

Næringsaktøren Lagunen Storsenter ber om at Rådalen sentrum/Lagunen får status som regionsenter i den regionale planen og meiner at Rådalen sentrum/Lagunen oppfyller alle kriteria for å bli eit regionsenter i dag.

Forslag om Indre Arna som senter med regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal får støtte av alle dei nemnte kommunane – Bergen kommune er også positiv. Ingen innspel er negative. Vaksdal peikar på at omlandskommunane til Arna har mange av dei same felles utfordringane i samfunnsstruktur og utvikling. Eit sterkt senter med godt tilbod for felles tenester som arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod, handel og transport vil vere samlande og til felles nytte.

#### Kommentar/tilråding:

Status for bydelssentera i Bergen kommune versus regionale senter som t.d. Straume og Knarvik er eit viktig punkt med trong for nærare avklaring og temaet har vore eit diskusjonspunkt i arbeidet med planforslaget. Den regionale planen skal vere eit overordna styringsverktøy – alle detaljar kan ikkje takast inn i ein regional plan, men planforslaget bør ikkje vere uklart. Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa. Bergen kommune går i sitt innspel ikkje konkret inn på kva som bør vere innhaldet i eit endra planforslag – sjå drøfting i avsnitta under for fylkesrådmannens tilråding til innhaldet i endra plan.

Regional plan for attraktive senter legg til grunn ein senterstruktur som er hierarkisk og som byggjer på dagens forvaltningseiningar. Eit trekk ved den hierarkiske strukturen er at sentera på «likt nivå» i hierarkiet skal innehalde tilnærma like funksjonar. I planen har valt ein struktur kor eit nivå er «regionsenter» og eit anna nivå er «bydelssenter i Bergen». Gjennom denne oppdelinga seier ein at regionsenter og bydelssenter i Bergen ikkje skal vere heilt identiske.

For at hierarkiet skal fungere må ein ved utvikling av det einskilde senter ta omsyn til den rolla senteret har i senterhierarkiet. Sagt med andre ord må funksjonane i kvart senter dimensjonast etter folketal i det omlandet senteret skal betene. Omlandet for kvart regionsenter er definert gjennom kart i figur 1.4 i planen. Bydelane i Bergen har eit befolkningsgrunnlag på linje med dei største regionsentera, og vil difor kunne ha mange av dei same funksjonane, men vil likevel ikkje vere regionsenter. Rådalen/Lagunen og Bergen sentrum kan ha regionale funksjonar for Austevoll kommune. Figur 1.3 i planen illustrerer utstrekning av bydelane i Bergen i tråd med vedtak i Bergen kommune.

Eit viktig mål med ein senterstruktur er å skape føreseielege rammer og felles grunnlag for avgjerd om lokalisering og investering, og dermed leggje til rette for berekraftig senterutvikling. Regional plan for attraktive senter byggjer på prinsipp om at brukarar skal kunne få dekkja behovet for tenester og handel nærast mogleg, innan samfunnsøkonomisk forsvarlege rammer, slik at transportbehovet blir minst mogleg. Dette er viktig for å nå klimamåla og unngå auke i kø-problem på vegnettet. Folk ønskjer også i høg grad å handle nært, og analyser viser at folk i høg grad nyttar seg av det næraste handels- og tenestetilbodet i kvardagen. Eit lokalt tilbod kan vere betre eigna til å fremje gode nærmiljø/lokalsamfunn.

Når det gjeld *tenester* meiner fylkesrådmannen at bydelane i Bergen bør vere sjølvforsynte og ha breidde i funksjonane for å minske transportarbeidet og sikre god tilgjenge. Slik er det i stor grad i dag, med unntak



av Rådalen/Lagunen som ikkje har offentleg tenestetilbod i same grad som dei andre bydelssentera. I bydelssentera kan det også vere grunn til å etablere tenester av meir regional karakter som det t.d. ikkje er praktisk å plassere i Bergen sentrum. Ved lokalisering i bydelssentera sikrar ein at tenestene ligg i knutepunkt for kollektivtransport og er enkle å nå også for dei utan bil.

Når det gjeld *handel* skriv Bergen kommune i sitt innspel at det må gis rom for dynamikk i handelsmarknaden og rom for at ulike varegrupper har ulik storleik på handelsområdet. Samstundes skriv kommunen at ein ser ein «vekst i bydelssentre og samtidig til dels en stagnasjon av handelsvirksomhet i bysentrum, som gir flere utfordringer». Kommunen peikar vidare på behovet for å leggje klarere rammer for relevant storleik på handelsareal i høve til senternivå. Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å fremje eit hovudprinsipp om at detaljhandel i bydelssenter skal dimensjonast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Fylkesrådmannen ser at utvalde handelskonsept har ein klar regional funksjon utover bydelen (t.d. IKEA), men meiner at slike utvalde konsept ikkje er til hinder for eit hovudprinsipp om at storleik på areal for detaljhandel i bydelssenter skal følgje folketalet i bydelen.

Ein viktig intensjon bak eit slikt hovudprinsipp om handel er å best mogleg kunne skape føreseie for drift av eksisterande verksemdar og unngå overetablering. For sterk grad av overetablering på ein stad vil kunne påverke grunnlaget for tilbodet andre stader – stader kor ein også ønskjer å ha eit godt og tilstrekkeleg tilbod. Nyetablering i eit senter, utan å ta omsyn til dei andre sentera i regionen, vil altså kunne råka ved det berekraftige prinsippet om at flest mogleg skal ha eit godt tilbod i sitt næraste senter.

Den regionale planen er eit overordna verktøy. I konkrete enkeltsakar kan det vere grunn til å fråvike det overordna prinsippet – om gode argument talar for dette. Prinsippa om dimensjonering er dessutan ikkje meint å vere styrande for folks frie val. Alle er i sin fulle rett til å velje kva for senter dei ønskjer å nytte. Intensjonen med den regionale planen er – gjennom eit overordna blikk – å trekke opp nokre liner for fordelinga mellom sentera når det gjeld dimensjonering av tilbodet gjennom arealplanar. Fri konkurranse mellom ulike senter, t.d. gjennom omsetjing per m<sup>2</sup>, og endringar i handelsmarknaden vil alltid prege bilete. Men i planlegginga av eit berekraftig og velfungerande transportsystem kan ein vanskeleg lukkast utan å sjå transporten i samheng med strukturen for handel- og tenestetilbodet. Dei store transportvoluma i Hordaland blir generert i Bergensområdet. Handelstilbod, tenestetilbod og arbeidsstad er målpunktet for reisa – denne reisa kan vere lang eller ho kan vere kort.

Fylkesrådmannen tilrår at planskildring og tabelloversikt i planforslaget blir endra i tråd med den overståande drøftinga. Bydelssenteret Indre Arna representerer eit unntak som eit bydelssenter kor ein også ønskjer tilrettelegging for relevante regionale funksjonar for innbyggjarane i Osterøy, Vaksdal og Samnanger – på dette punktet endrast planforslaget ikkje.

## C) Kapittel 2 – Attraktive sentrum

### Kort om innhald i planforslaget

Planen legg vekt på at det vert utvikla gode og attraktive sentrum der det er god balanse mellom handel, tenester, kulturtilbod og bustader. Ei ønskjer at sentera får eit definert sentrumsområde som blir utvikla gjennom områdeplanlegging.

### Innspel og tilrådde endringar

#### Retningsliner for attraktive sentrumsområde

Meland kommune meiner at kommunen sjølv bør ta stilling til sentrumsutstrekning, jf. retningsline 2.3 i planen. Bergen kommune peikar på det bør takast med eit punkt i retningslinene om omsyn til og vektlegging av kulturhistoriske bygg og interesser i sentrum. I høyringa blei det også peika på at ein bør presisere at medverknad frå bebuarane i sentrum er viktig, og at planen bør ha med eit punkt om å bevare grønstruktur og leikeplassar i byen

Kommentar/tilråding:

Planen har ein enkel og vid utstrekningsregel for sentrum som ein ønskjer at skal bli avløyst av lokalt tilpassa utstrekningar så snart som råd. Det er viktig å vere klar og føreseieleg til utstrekning av sentrum fordi fleire andre retningslinjer i planutkastet er knytt til sentrum. Planforslaget blir ikkje tilrådd endra på dette punktet.

Planforslaget blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa slik at retningslinjene for attraktive sentrumsområde får tilleggs punkt i høve kulturminnevern, grønstruktur og medverknad frå bebuarar i sentrum.

## D) Kapittel 3 – Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

### Kort om innhald i planforslaget

Planen legg vekt på at sentera skal tilretteleggjast for eit mangfald av tenester og arbeidsplassar tilpassa nivået i senterstrukturen. Retningslinjer gjev føringar for lokalisering av statlege, regionale og fylkeskommunale tenester som er besøksintensive.

### Innspel og tilrådde endringar

#### Planskildring og retningslinjer for forvaltning

Haugesund kommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Stord kommune er negativ til streng praktisering / formulering av retningsline 3.2: *Statlege og fylkeskommunale tenester bør i størst mogeleg grad organiserast i samsvar med fylkesgrenser, omland for regionale senter og kommunegrenser.*

Björgvin bispedømeråd peikar på at kyrkja er ikkje nemnd i planen, og meiner det er viktig at kyrkja blir nemnd slik at kyrkja får plass i nye senterområde.

Hordaland musikkråd peikar på at det må avsettast areal sentralt i sentrum til lokale brukshus for kulturliv – gode øvings- og framføringslokale i bygg med låg terskel som ikkje er for dyre / utilgjengelege.

Kommentar/tilråding:

Retningsline 3.2 byggjer på ein tanke om robuste regionar, og at samanfallande forvaltingsgrenser er ressursparande. Retningslina blir ikkje endra, men planskildringa blir endra – slik at presiserer at intensjonen med retningsline 3.2 ikkje er å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid på tvers av forvaltingsgrenser.

Kapittelet blir elles tilrådd endra til å omfatte omtale av Den norske kyrkja og lokale brukshus for kulturliv.

## E) Kapittel 4 – Handel og kjøpesenter

### Kort om innhald i planforslaget

Planen har som mål at sentera skal vera attraktive for handel dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Ny detaljhandel skal i hovudsak lokaliserast i senter og innanfor sentrumsområdet. Daglegvarehandel bør lokaliserast i senter eller nær bustadområde. I høyringsforslaget sine føresegner, delkapittel 4.3, blir det fastsett at ny detaljhandel over 3.000 m<sup>2</sup> berre er tillate i senter og innanfor sentrumsutstrekninga definert i Regional plan for attraktive senter eller kommunal plan. For ny eller utvida detaljhandel over denne grensa må det utarbeidast handelsanalyse. Handlingsprogrammet legg melom anna opp til å utvikla mal for gode handelsanalyser.

### Innspel og tilrådde endringar

#### Regionale føresegner for handel

Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsinnspel konkluderer med at planframlegget slik det no føreligg bryt med nasjonal politikk når det gjeld dei regionale føresegna for handel, og fylkesmannen ber difor om at

fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil ein måtte vurdere å sende saka til departementet (jf. pbl. § 8-4).

Innspela frå fylkesmannen er som følgjer:

- Fylkesmannen registrerar at ramma for etablering av handel er noko romslegare enn fylkesdelplanen (grense for analyse m.m. er auka frå 1500 m<sup>2</sup> til 3000 m<sup>2</sup>) jf. pkt. 4.1. Opphavleg grense var betre i samsvar med den ambisiøse klimaplanen for fylket, men grensa på 3000 m<sup>2</sup> er lik grensa som er satt i forskrifta. Fylkesmannen tar såleis til etterretning at grensa vert heva til 3000 m<sup>2</sup> med dette planframlegget, men hadde ynskja at grensa på 1500 m<sup>2</sup> vart ståande.
- For å unngå ei utholing av regelverket gjennom suksessive utvidingar kor kvar einskild utviding er på mindre enn 3000 m<sup>2</sup>, må ein i pkt. 4.1. også setje ei grense for utviding av eksisterande handel. Det vil vere i samsvar med «Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre» § 3 andre avsnitt om at «*For områder som ikke omfattes av slik plan, er det ikke tillatt å etablere eller utvide kjøpesentre med et samlet bruksareal på mer enn 3000 m<sup>2</sup>*». Både pkt. 4.1 og 4.2 må endrast i samsvar med innhaldet i den rikspolitiske forskrifta.
- I andre avsnitt i pkt. 4.1. i planframlegget opnar ein for unntak for såkalla plasskrevjande varer, men med innblanding av anna varesortiment. Å opna for innslag av anna varesortiment slik pkt 4.1. er utforma, stiller fylkesmannen seg kritisk til.
- I føresegn pkt. 4.2 som omhandlar krav til handelsanalyse, saknar fylkesmannen ei klargjering av kvifor handelsanalyse må utarbeidast. Fylkesmannen meiner pkt. 4.2. difor må utvidast med t.d.: «*Nytt eller utvida bruksareal må tilpassast stadens storleik, funksjon og handelsomland.*»
- I pkt. 4.3 om samtykke vil ein peike på at i fylgje § 8-5 i planlova kan samtykke gjevast i samråd med Fylkesmannen. Fylkesmannen vil også vise til rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet kap. 7.4 side 26 om regional planføresegn kor det klart går fram at: «*Det legges til grunn at regional planmyndighet ikke kan gi samtykke dersom Fylkesmannen kan vise til at dette openbart er i strid med nasjonale interesser.*» Fylkesmannen meiner difor at ordet høyring må endrast til samråd i siste setning i andre avsnitt under pkt. 4.3.

Også mange andre innspel diskuterer innhaldet i kapittelet om handel; Voss kommune støttar framlegget om at detaljhandel i hovudsak skal i senter og innanfor sentrumsområdet, og peikar på at dette er eit viktig grep for å halde opp den senterstrukturen ein allereie har. Andre innspel trekk fram at konsekvensutgreiinga til den regionale planen peikar på ein vesentleg svakheit i føresegnene for handel ved at dei berre fokuserer på etablering av nytt areal i staden for samla volum etter utbygging/utviding (etappevise utvidingar under 3000 m<sup>2</sup> er tillatt) – over tid kan dette gje negative konsekvensar for sentrumsutvikling.

Bergen kommune skriv i sitt høyringsinnspel at forslaget til planføresegner er noko uklart på forholdet til spørsmål om lokalisering av detaljhandel utanfor definerte senterområde, samtidig som planforslaget opnar for lokalisering av daglegvarehandel nært bustadbebyggelse. Etter Bergen sin vurdering er det her føremålstenleg å sjå detalj- og dagligvarehandel under eitt, men tydelegare avgrense samla omfang av eksisterande og ny detaljhandel over tid, slik at det ikkje er grunnlag for at det etablerast nye senterområde utanfor vedtatt senterstruktur. For å unngå at summen av suksessive enkeltsøknader over tid skal kunne gi eit handelsomfang utover senteret sitt nivå, er det behov for nærare retningslinjer om relevant storleik på handelsareal i forhold til senternivå. Kommunen ser positivt på forslag om ei regional planføresegn for kjøpesentre som skal erstatte den rikspolitiske forskrifta. Dette kan gi grunnlag for ei forvaltning basert på god kunnskap om regionen og innsikt i handelssituasjonen. Kommunen ser positivt på at fylkeskommunen sin rolle som regional planmyndigheit understrekast. Kommunen peikar på same tid på at det er vanskelig å finne eintydige svar på viktige spørsmål om aktuelt omfang av handelsverksemd og at det må gis robust rom for at handel også er dynamisk og sterkt konkurranseprega.

Mellom anna Stord Næringsråd meiner at innhald i kapittel om handel og kjøpesentre må ikkje bli for bastant praktisert. Næringsrådet viser til behov for fleksibilitet og det må takast lokale omsyn, i samarbeid med lokale mynde. Nokre kommunar er ikkje positive til at den regionale planen har føresegn for handel i det heile og viser til at dette innskrenkar den kommunale sjølvråderetten.

Innspel frå kommunar i Sunnhordland peikar på at planen kan kome i konflikt med føresegner og retningslinjer for handelsetableringar i *Regional plan for Areal og transport på Haugalandet* som Rogaland fylkeskommune utarbeidar – ein plan som vil omfatte kommunane Etne og Sveio i Hordaland.

Kommentar/tilråding:

Høyringsinnspel frå Fylkesmannen i Hordaland, punkt om betre samsvar med Regional plan for Haugalandet og innspel mellom anna frå Bergen kommune tilseier at dei regionale føresegnene for handelsetablering i planforslaget må endrast. Fylkesrådmannen har vurdert alle innspel til dette temaet og utarbeida eit nytt forslag til føresegner og retningslinjer for handel. Gjennom forslaget har ein søkt å finne ein balanse mellom fleksibilitet for den enkelte kommune, klarheit og føreseie, og målet om å fremje livskraftige senter og eit berekraftig reisemønster.

Fylkesrådmannen vil foreslå følgjande føresegner for handel i den endelege planen:

*Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå [vedtaksdato] eller til punktet blir erstatta av føresegner i kommunal arealplan:*

*4.1 Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan.*

*Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.*

*Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevjast samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter [vedtaksdato]. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.*

*Det gjeld unntak for:*

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 1.500 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter*
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular*

**Fyrste avsnitt** i føresegnene er ei tydeleggjering av innhaldet i planforslaget som blei sendt på høyring. Avsnittet byggjer på same intensjon som i høyringsforslaget – å gjere det enklare å etablere ny handelsverksemd i senter enn utanfor senter. Gjennom høyringa fekk ein støtte til denne intensjonen og til at senterstrukturen er eit tenleg reiskap for lokalisering av handel. Punkt om grense for bruksareal utanfor senter er flytta til fjerde avsnitt i føresegnene – sjå drøfting under.

**Andre avsnitt** er ikkje ei innhaldsmessig endring av planforslaget som blei sendt på høyring, men teksten er utvida og plassert i eit eiga avsnitt for å gjere innhaldet tydelegare og lettare å forstå.

**Tredje avsnitt** tydeleggjer målsetjingar og korleis ein skal handtere sakar etter føresegnene:

På bakgrunn av innspel frå mellom anna fylkesmannen og Bergen kommune blir det lagt til punkt om at tiltak skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter, og mål om at storleiken på handelstilbodet i eit senter må bli dimensjonert etter vedtatt senterstruktur. Ved å vise til målsetjingane i planen tydeleggjerast grunnlaget for regional vurdering av nytt handelsareal. Ved å understreke behovet for samla vurderingar får ein føresegner som er betre eigna til å forhindre at suksessive enkeltsøknader over tid kan gi eit handelsomfang utover senteret sitt nivå i senterstrukturen.

Fylkeskommunen skal ta stilling til om nytt eller samla bruksareal for handel på over 3.000 m<sup>2</sup> i eit senter er i samsvar med vedtatt senterstruktur. For å ha tilfredstillande vurderingsgrunnlag vidareførast kravet om handelsanalyse frå høyringsforslaget. Grensa på 3.000m<sup>2</sup> før krav om regionalt samtykke / handelsanalyse vurderast som i tråd med innspel om ønskje om kommunalt handlingsrom. Grensa kan presiserast og tilpassast gjennom regionale areal- og transportplanar for utvalde område. I mange større senter vil ein auke på 3.000 m<sup>2</sup> kunne vere heilt uproblematisk. Tiltak 4.1 i planen (utarbeiding av brukarvenleg mal for handelsanalyse) skal gjere utarbeiding av handelsanalyse til ei overkommeleg oppgåve. Nærare detaljar omkring handelanalyse blir utdjupa i retningsline 4.2. Gjennom å gjere overordna vurderingar kring trong for handelsareal / handelsanalyse som ein del av arbeidet med kommuneplanens arealdel, kan kommunar gjere det enkelt både for seg sjølv og for private utbyggjarar i det påfølgjande reguleringsplanarbeidet.

**Fjerde avsnitt** representerer ei endring av planforslaget ved at grensa for kor mykje areal som er tillatt utanfor senter blir halvert. Fylkesrådmannen meiner det er viktig gjennom føresegnene å markerer eit skilje mellom innanfor senter og utanfor senter. For å stimulere til handel i senter legg det endra planforslaget såleis sterkare rammer enn høyringsforslaget for kor mykje handelsareal ein kan etablere utanfor sentera i fylket.

Endra forslag opnar for at opptil 1.500m<sup>2</sup> nytt eller utvida bruksareal for detaljhandel fritt kan etablerast i bustadkonsentrasjonar utanfor senterstrukturen eller i nærsenter. Dette sikrar at ein kan etablere moderne daglegvarebutikkar med godt utval nære der folk bur. Bustadfelt med lokal daglegvarebutikk er ønskeleg for gode lokalmiljø og for å legg til rette for eit klimavenleg reisemønster.

Grensa på opptil 1.500m<sup>2</sup> er lik grensa sett i kommuneplan for Bergen utanfor område avsett til sentrumsføremål. Gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur frå 2002 har ei grense på 1.500m<sup>2</sup> for når det er krav om regional uttale ved ny handelsetablering. Fylkesmannen skriv at dei ønskjer at denne grensa blir oppretthalde. Utkast til Regional plan for Haugalandet og Regional plan for Jæren sett ei grensa på 1.000m<sup>2</sup> – og er såleis strengare på kor mykje areal ein kan etablere utanom senterstrukturen. Nytt forslag til grense er meir i tråd med den breitt samansette arbeidsgruppa sitt forslag – der grensa blei tilrådd sett til 1.000m<sup>2</sup>.

Ei maks-grensa på 1.500m<sup>2</sup> nytt bruksareal utanfor senter er samstundes lågare enn grensa i gjeldande nasjonal forskrift som legg ned forbod mot nytt eller utvida areal for kjøpesenter på over 3.000m<sup>2</sup> i område som ikkje er omfatta av godkjent fylkesplan. Lågare grense enn gjeldande forskrift har bakgrunn i ønskje om at nytt handelareal over 1.500 skal liggje i senter – fordi:

- Samlokalisering av handelstilbod og andre funksjonar i senter som er viktige knutepunkt for kollektivtrafikk vil fremje eit berekraftig reisemønster og styrke tilgjenge for heile befolkninga. Det motsette – eit spreidd og utflytande utbyggingsmønster – vil gi dårlig kollektiv tilgjenge og kunne generere meir transportarbeid.
- Samling av handelstilbod i senter vil skape grunnlag for senter som er samansette og sterke – og vil såleis vere eit viktig ledd i å nå målet i planen om å utvikle attraktive og robuste senter. Å opne for suksessive utvidingar på opptil 3.000 m<sup>2</sup> detaljhandel utanfor senter kan over tid svekke eksisterande sentrum i fylket.
- Utvikling av sentera i Hordaland i tråd med ein fastlagt senterstruktur vil skape føreseielege rammar for både offentlege og private aktørar. Innspel frå mellom anna Bergen og Voss kommune peikar på at det er viktig å støtte opp om eksisterande senterstruktur og unngå etablering av nye, større tyngdepunkt for handel utanfor ein vedtatt senterstruktur.

Føresegnene opprettheld punkt frå høyringsforslaget om at visse plasskrevjande vareslag ikkje alltid passar inn i sentrum og er unnatta frå lokaliseringsreglane.

Areal nytta til handel i dag kan fritt skifte eigar/verksemd. Føresegna gjeld berre ved nytt areal til handel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve. Det er alt tilgjengeleg areal til handel i store delar av fylket.

Punkt 4.3 i høyringsforslaget om prosessregler for samtykke er tatt ut av føresegnene fordi innhaldet allereie er fastsett i plan- og bygningslova samt gjennom vedtak om delegasjon i den politiske saka. Punktet er flytta til retningslinene, pkt 4.6, og til planskildringa, som ein opplysning om prosess.

## F) Kapittel 5 – Transport

### Kort om innhald i planforslaget

Eit overordna mål i planen er at sentera skal vera tilrettelagt for effektiv transport til og i sentera. Retningslinene prioriterer gåande, syklande og kollektivtransport i sentrum, men legg til rette for tenleg tilkomst for alle brukargrupper.

### Innspel og tilrådde endringar

#### Retningsliner for transport blir noko endra

Statens vegvesen sitt innspel peikar på at utviklinga av gode sentrumsområde og ein god senterstruktur er viktig for å nå transportpolitiske målsetjingar knytt til samordna areal- og transportplanlegging. Vegvesenet ønskjer endringar/presiseringar av retningsliner for transport i delkapittel 5.3 på eit par punkt, mellom anna for å unngå auke i gjennomgangstrafikk og leggje betre til rette for effektiv framkome for kollektivtrafikk og for syklistar.

#### Kommentar/tilråding:

Planforslaget sine retningsliner for transport blir tilrådd endra på bakgrunn av høyringa på dei fleste av dei punkta kor Statens vegvesen ønskjer endring. Endringane er i tråd med innspel frå Skyss i fylkeskommunen.

## 4. Oppsummering

### Fylkesrådmannen si samla vurdering

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og i samsvar med krav i plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan. Fylkesrådmannen har vurdert planforslaget i lys av innspela ein har fått i høyringsperioden og foreslår nokre endringar av planen før endeleg vedtak. Endringane er innarbeidd i forslag til plan slik dette vert lagt fram.

#### Generelt

Mange høyringsinnspel uttrykker ein positiv grunnhaldning og generell støtte til den regionale planen. Planforslaget blir omtala som eit godt styringsverktøy og ein god rettleiar for framtidig planlegging av attraktive senter i Hordaland, med oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling.

Nokre innspel er kritiske til bruken av ordet «skal» i dei regionale retningslinene i planen og meiner dette ordet er for strengt. Fylkesrådmannen meiner at ein viktig grunn for å presentere regional politikk gjennom retningsliner er å lage ein regional plan som er føreseieleg, konkret og lett å bruke. Tydelege retningsliner vil betre sikre likebehandling for alle senterområda i fylket.

#### Kapittel 1 – Hovudmål, strategiar og senterstruktur

I høyringsinnspel blir det peika på at Regional plan for attraktive senter har ein viktig funksjon i å fastsetje regionale hovudsenter og leggje rammer for arbeidsdelinga mellom fylkessenter, regionsenter og kommunesenter.

Ein ønskte gjennom planen å opprette nye regionsenter der det fanst større befolkningskonsentrasjonar utan god tilgang til eit regionsenter.

Forslag om Kleppestø som nytt regionsenter er støtta av mellom anna Askøy kommune, medan representantar for bebuarar i Kleppestø mv. er kritiske mellom anna fordi dei meiner at ei slik utvikling av Kleppestø vil råka dagens nærmiljø negativt, utan positive verknader som vil vekte opp for dette. Det er kommunen som lokal planmyndigheit som vedtek den konkrete reguleringsplanen for vidare utvikling og utbygging av Kleppestø-området. Den regionale planen byggjer på ein intensjon om at gode regionsenter med eit mangfald av tilbod kan vere ei berekraftig løysing – også nære fylkessenteret Bergen.

Forslag om Husnes som nytt regionsenter er støtta av mellom anna Kvinnherad. Senteret Husnes har i dag regionale funksjonar og det bur mange i området kring Husnes. Innspel frå Stord uttrykker skepsis til Husnes som regionsenter – men sjølv med noko mindre omland syner analyser at Leirvik fortsatt vil vere blant dei «større» regionsentera med høgt folketal i omlandet og viktige statlege funksjonar i regionen.

Bergen kommune meiner at planforslaget til dels er uklart på regionsenternivået og Bergen kommune sitt forhold til dette – det er trong for at den regionale planen blir klarare. Mange av bydelane i Bergen har eit befolkningsgrunnlag på linje med dei største regionsentera, og vil difor kunne ha mange av dei same funksjonane, men fylkesrådmannen tilrår ikkje at bydelssenter i Bergen og regionsenter skal vere det same. Når det gjeld *tenester* meiner fylkesrådmannen at bydelane i Bergen bør vere sjølvforsynte og ha breidde i funksjonane – det kan også vere grunn til å etablere tenester av meir regional karakter. Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å fremje eit hovudprinsipp om at *detaljhandel* i bydelssenter skal dimensjonerast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Slik kan ein betre sikre ei balansert og berekraftig senterutvikling. Bergen kommune skriv i sitt innspel at ein ser ein «vekst i bydelssentre og samtidig til dels ein stagnasjon av handelsvirksomhet i bysentrum, som gir flere utfordringer».

Forslag om Indre Arna som senter kor ein ønskjer tilrettelegging for regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal får støtte av alle dei nemnte kommunane, samt Bergen kommune.

#### Kapittel 2 – Attraktive sentrumsområde

Retningslinene for attraktive sentrumsområde får tilleggspunkt i høve kulturminnevern, grønstruktur og medverknad frå bebuarar i sentrum.

#### Kapittel 3 – Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod

Kapittel om tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod utvidast til å seie noko om lokale brukshus for kulturliv, Den norske kyrkja, samt at ein ikkje ønskjer å hindre effektiv samordning og vellukka samarbeid på tvers av forvaltingsgrenser.

#### Kapittel 4 – Handel og kjøpesenter

Fylkesmannen i Hordaland sitt høyringsinnspel konkluderer med at høyringsforslaget bryt med nasjonal politikk når det gjeld dei regionale føresegnene for handel, og fylkesmannen ber difor om at fylkeskommunen tar merknadene til fylgje, elles vil ein måtte vurdere å sende saka til departementet. Fylkesrådmannen meiner at føresegnene må endrast slik at ein unngår dette. Mellom anna betre samsvar med Regional plan for Haugalandet som vil gjelde for Etne og Sveio, og innspel frå Bergen kommune, talar også for noko omarbeiding av føresegnene for handel.

Fylkesrådmannen ønskjer føresegner som aktivt seier at ein vil ha ny handel *i senter* og som stimulerer til dette, så sant storleiken på handelstilbodet i senteret blir dimensjonert etter vedtatt senterstruktur. For å kunne vurdere sistnemte punkt blir det kravd regionalt samtykke dersom nytt bruksareal for handel overstig 3.000 m<sup>2</sup>. For å ha tilfredstillande vurderingsgrunnlag skal planfremjar i desse tilfella leggje ved ein handelsanalyse.

For å stimulere til handel i senter legg det endra planforslaget sterkare rammer enn høyringsforslaget for kor mykje handelsareal ein kan etablere *utanfor* sentera. Endra forslag opnar for at opptil 1.500m<sup>2</sup> nytt eller utvida bruksareal for detaljhandel kan etablerast i bustadkonsentrasjonar utanfor senterstrukturen. Dette sikrar at ein kan etablere moderne daglegvarebutikkar med godt utval nære der folk bur.

Brukars frie val til å handle kor ein vil og dynamiske endringar i handelsmarknaden alltid vil prege bilete når det gjeld handel. Men samlokalisering av handelstilbod i senter som er viktige knutepunkt for kollektivtrafikk vil fremje eit berekraftig reisemønster og styrke tilgjenge for heile befolkninga, og skape grunnlag for senter som er samansette og sterke.

#### Kapittel 5 – Transport

Retningslinene for transport i planen endrast noko – i hovudsak for å leggje betre til rette for effektiv framkome for kollektivtrafikk og for syklistar.

Fylkesrådmannen meiner at den regionale planen vil vere eit viktig verktøy for å nå målet om at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Fokus på sentera skal bidra til å leggje til rette for vekst i heile fylket. Fylkesrådmannen tilrår at *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014 vert vedtatt.